

## KYRKJELOKKENE VIL RINGE

Påska er ikkje avlyst. No skjer det mykje på digitale flater sidan vi ikkje kan møtast i kyrkjene. I tillegg vil vi ringe med kyrkjeklokkene i Valle og Hylestad, etter oppmoding frå Kirkerådet og Bispemøtet:

Kvar laurdag kl 17.00 i 10 minutt – som teikn på at kyrkja er nær oss og i forbøn for oss i denne vanskelege tida.

Påskeaftan – ringe inn høgtida som vanleg for å markere påska, sjølv om alle gudstenester og konserter i kyrkjene er avlyst.

Påskedag – for å bryte påskestilla og feire at Jesus har stått opp frå dei døydde! Som eit budskap om håp. Klokkene vil ringe i Valle kyrkje sidan det skulle vore høgmesse der.

Med ønske om ei velsigna god påske til alle!